

Utbyggingsavtale

mellom utbyggerar av reguleringsplanområdet B.60 Grønolslie og Øystre Slidre kommune

Denne avtalen omhandlar vilkår knytt til utbygging i området ut over det som går fram av reguleringsplanen og generelle vilkår i Plan- og bygningslova med forskrifter.

1. For å finansiere utbygging av reguleringsplanområdet vert det tillate frådelt 10 tomter før infrastrukturen er ferdigstilt.

Veg Beito-Rauddalen

2. Utbygger er saman med Beitostølen Resort, Grønolen Fjellgard og Fjellbygda Beito ansvarleg for opprusting av heile vegen frå fylkesvegen til kommunegrensa i samsvar med reguleringsplan for "Fjellbygda Beito" og plan for vegen utarbeidd av Øystre Slidre kommune. Utbygger har som målsetjing at opprusting av heile vegstrekket skal gjennomførast i eit tiltak.
3. Vegen skal dimensjonert som samleveg i spreidd busetnad (S1). Vegbreidda inkl. skulder skal vere 6,5 m. Vegen skal dimensjonert for 10 tonns aksellast. Forsterknings- og berelaget av grus eller kult skal vere tilsaman minimum 40 cm. Under forsterkningslaget skal det leggest duk. Fram til det evt. blir lagt fast dekke skal det leggest eit gruslag på min. 5 cm.
4. ~~Utbygger skal bidra med 25 % av kostnaden ved opprustinga av heile vegen med mindre anna blir avtala mellom aktørane. Avtale mellom aktørane om kostnadsfordeling og framdriftsplan for realisering av heile vegen frå fylkesvegen til kommunegrensa, samt avtale om framtidig vedlikehald, skal ligge føre før det blir gjeve løyve til frådeling av tomter i planområdet. Framdriftsplanen for realisering kan vere knytt til utbyggingstiltak innan nedslagsfeltet eller ein angitt tidsfrist.~~
Det skal nyttast 12.500 kr. per solte tomt på vegen Beito-Rauddalen.

Skiløypeproduktet

5. Utbygger skal inngå avtale med det selskap som har ansvar for løypekøyring på Beitostølen om medfinansiering av felleskostnader. Kostnadene skal vere innafør rammene som er vedtekne i selskapet pr. i dag og skal nyttast til etablering og drift av løyper. Summane kan indeksjusterast. Det blir ikkje gjeve løyve til frådeling av tomter før slik avtale er inngått.

VA

6. Utbygger utarbeider VA-plan i samsvar med kommunens VA-norm og kostar alt leidningsnett fram til eksisterande kommunalt leidningsnett. Naudsynte brannhydrantar skal gå fram av VA-planen.
7. Dersom det blir valt anna avløpsløyving enn konvensjonelt anlegg med sjølvfall har kommunen ikkje plikt til å overta anlegget.

Energibruk

Utbygger og kommunen har ein felles intensjon om at dette hytteområdet skal vere eit føregangsområde for Rauddalen som "grønt" reisemål. Kjøparar av tomter i området skal forplikte seg til:

8. Anten å bygge hovudhytta som eit lavenergihus, eller å bygge hovudhytta slik at det kan nyttast andre energikilder enn elektrisitet og fossile energikjelder til hovedparten av oppvarminga. Varmepumper er definert som annan energikjelde.
9. Å ikkje installere varmekablar utandørs.

Anna


10. Det blir ikkje gjeve løyve til bygging før gebyret for behandling av reguleringsplan er betalt.
11. Det blir ikkje gjeve løyve til bygging før digitalt plankart i SOSI 4.0 er oversendt kommunen
12. Kommunen innrømmer ikkje erstatning for område avsett til spesialområde naturvernområde i reguleringsplanen.
13. Overdreg utbygger utbygginga av området til andre står utbygger framleis ansvarleg for gjennomføringa av det som her er avtalefesta inntil det blir godtgjort gjennom ny avtale at ny utbygger har overteke alle plikter etter denne avtala.
14. Denne avtala ligg føre i to likelydande eksemplar der partane har kvar sitt eksemplar.

For utbygger

Dato: _____




Tor Erik Grønolen
Gnr. 2, bnr. 1



Øyvind Arne Grønolen
Gnr. 2, bnr. 1

For Øystre Slidre kommune

Dato: _____

31/08/11


Gro Lundby
ordfører